



STORD KOMMUNE  
Postboks 304  
5402 STORD

Dato: 28.04.2016  
Vår ref.: 2015/8551-38  
Saksbehandlar: solrong  
Dykkar ref.:

## **Bevaringsprogrammet for utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK) 2016 - Hordaland fylkeskommune - Stord kommune - Rommetveit - Tildeling av tilskot 2016**

Me viser til Dykkar søknad av 21.10.2015 og vårt mellombels svar av 18.11.2015 med stadfesting av motteken søknad.

Hordaland fylkeskommune har søkt Riksantikvaren om stønad til tiltak på utvalde arkeologiske kulturminne i Hordaland, jamfør prioriteringar gjort i vedtak av *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* i politisk møte 19. januar 2016, PS 15/2016. Riksantikvaren har øyremerkert tilskot av midlar frå statsbudsjettet, kap. 1429 post 70 – BARK og BERG. Hordaland fylkeskommune gjer eit tilskot til prosjekt for tilrettelegging av gravhaug og nausttuft på Rommetveit på kr. **42.000,-**.

Tilskotet skal nyttast til tiltak for skjøtsel og tilrettelegging av gravrøys og nausttuft på Rommetveit i tråd med innsendt søknad. Me viser òg til punkt om skjøtelsplan og godkjenning av arbeid.

### **Tidsavgrensing**

Tilsegna er gitt for inneverande år, og kan overførast til neste år etter søknad. Tilsegna fell bort etter to år. Det må søkjast spesielt om overføring av tilskotet til neste år.

### **Arbeidsgjevaransvar**

Søklar må sjølv stå som arbeidsgjevar for eventuell innleigd arbeidskraft. Rekningar skal adresserast til søklar, som må forskottera utbetalinga.

### **Skjøtelsplan og godkjenning av arbeid**

For alle tiltak skal det liggja føre godkjent skjøtelsplan, eller vera skjøtelsplan under utarbeiding som del av prosjektet. Dersom det ikkje ligg føre godkjent skjøtelsplan må arbeidet vera godkjent av Hordaland fylkeskommune før oppstart. Fylkeskommunen avklarar kor vidt tiltak må godkjennast av Riksantikvaren.

### **Tilskotsreglementet**

Med tilvising til Tilskotsreglementet § 10 gjer me merksam på at Hordaland fylkeskommune har høve til å føra kontroll med at tilskotet vert brukt etter føresetnadene.

### **Vilkår for utbetaling av tilskot, rapportering og rekneskap**

Tilskotet kan utbetalast etter kvart som tiltaka er utført, og rapport og rekneskap saman med førespurnad om utbetaling er sendt fylkeskommunen. Fylkeskommunen vidare sender dette til Riksantikvaren. Mottakar må samstundes dokumentera at anna finansiering er i orden i høve til finansieringsplanen. Ved endringar i finansieringsplanen må fylkeskommunen varslast med ein gong.

**Krav om utbetaling av tilskot, rapport og rekneskap må vera fylkeskommunen i hende seinast 15. oktober 2016.** Det må søkjast om eventuell overføring av unytta tilskot innan same frist.

Det skal leverast sluttrapport og sluttrekneskap for prosjektet, med skildring og illustrasjon av utførte tiltak og resultat. Anna finansiering skal visast i rekneskapet. Me ber om at eit utval digitale foto frå utførte prosjekt følgjer rapporten.

**Tilbakebetaling**

Me tar atterhald om at tilskotet kan verte kravd betalt attende, heilt eller delvis, dersom det syner seg at mottakar har gjeve urette opplysningar. Dette gjeld òg dersom kostnadene syner seg å verte vesentleg lågare enn budsjettert i søknaden, eller dersom tiltaket ikkje vert gjennomført som føresett.

**Retningslinjer frå Riksantikvaren**

Me legg ved retningslinjene frå Riksantikvaren, men gjer merksam på at De i denne saka skal kontakta **Hordaland fylkeskommune og ikkje Riksantikvaren**. For utbetaling av tilskot er det ein føresetnad at vilkåra både i dette brevet og i vedlegget vert akseptert. Me ber om skriftleg tilbakemelding på aksept av vilkår for tilskot innan 4 veker frå dette brevet vert motteke.

Me legg ved skjemaet **aksept av vilkår for tilskot** som må returnerast kultur- og idrettsavdelinga. Vedtaket kan påklagast til fylkeskommunen, jf. forvaltningsloven § 28. Ei eventuell klage skal stilast til Hordaland fylkeskommune innan tre – 3 veker frå mottaking av dette brevet.

Per Morten Ekerhovd  
kst. fylkesdirektør kultur, idrett

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

- 1 Retningslinjer og vilkår for tilskot frå Statsbudsjettet kap. 1429, post 70
- 2 Aksept av vilkår for tilskot